

# Notat om Kvammabadet KF si rolle, ansvar og samspel

## 1 Bakgrunn

Bakgrunnen for notatet er at styret har bedt dagleg leiar om å utarbeide eit notat som klargjer formål, roller og oppgåver til Kvammabadet KF jamfør sak 03/2023 og 13/2023. Selskapet opererer i ei verdi med mange interessentar og relasjonar innan Kvam herad og eksternt ovanfor selskap knytt til Hardangerbadet. Meininga med notatet er å bidra til å avklare og gje ei samla oppstilling av formål, roller, ansvar og samspel med dei styrande organa og dei eksterne selskapa i Hardangerbadet.

Mykje av grunnlaget for notatet finn ein i dei formelle avtalane som allereie eksisterer der spesielt samarbeids- og driftsavtala mellom Kvammabadet KF og Hardangerbadet AS/Hardangerbadet Eiendom AS står sentralt. Denne avtalen har utløp 31.12.2024 og det skal i det vidare forhandlast fram ei ny avtale for komande 5 års periode. Notatet kan då også sjåast på som ei oppsummering av korleis «verda» ser ut før ein går i gang med nye forhandlingar.

## 2 Formål og rammer for Kvammabadet KF

Kvammabadet KF (her etter nemnd KB) er eit kommunalt føretak og ein del av konsernet Kvam herad, med ansvar for å tilby eit badeanlegg til bruk for skule og ålmenta. Dette saman med det private familiebassenget utgjer opplevelingssenteret Hardangerbadet. Bassenga vert nytta til skulebading, og målet er å læra alle born i skulealder å symja og meistra aktivitetar i vatn. Det siste er den grunnleggjande og eigentlege årsaka til at heradet si involvering i Hardangerbadet, nemleg:

*Målet er å læra alle born i skulealder å symja og meistra aktivitetar i vatn*

Føretaket er direkte underlagt heradsstyret som også er generalforsamling for selskapet. Heradsstyret vel styret i KB, fastset godtgjersle osb. Ordførar og rådmann er i eigenskap av politisk og administrativ leiar for heradet, selskapet sine nærmast føresette.

Føremålet til KB er i hen hold til vedtekten:

*Kvam Kvammabadet KF skal stå for drift av anlegg til skulebading. Seksjonen til Kvam Kvammabadet KF utgjer saman med tilstøytande seksjonar opplevelingssenteret Hardangerbadet. Når bassenganlegget ikkje vert nytta til kommunale føremål, kan Kvam Kvammabadet KF leiga ut seksjon X til kommersiell drift.*

Prinsipp og grunnlag for heradet si investering i Hardangerbadet er:


- a) Kvam herad skal ikkje påførast netto driftskostnader som følgje av bygging av Hardangerbadet. Det vil seie at Kvam herad/Kvammabadet KF som minimum skal gå i null kvart år, samanlikna med opphaveleg situasjon, slik som vist i saksutgreiinga, jf. Kommunestyrets vedtak i sak HST 057/15.
- b) Netto strukturinnsparing skal gå inn i drifta av Kvammabadet KF, som kan reforhandlast etter femte driftsår (dvs. 2025). Utover dette skal Kvammabadet KF driftast utan tilskot frå Kvam herad, jf. Kommunestyrets vedtak i sak HST 080/17.

## 3 Roller og ansvar

KB sin del av anlegget inneheld garderobeanlegg, trenings- og konkurransebasseng og eit opplærings- og terapibasseng. Dagleg drift og vedlikehald av anlegget er sett ut til Hardangerbadet AS og regulert gjennom ein samarbeids- og driftsavtale av 22. september 2020.

KB eig ein definert seksjon av Hardangerbadet tilsvarande 40 % i lag med Hardangerbadet Eiendom AS (58,2 %) og Almeland Eiendom AS (1,8 %). Formålet er som nemnt over, å nytte anlegget til skulebading. Det er inngått avtale om at Hardangerbadet AS kan nytte anlegget til kommersiell drift når badeanlegget ikkje nyttast til kommunale føremål. Høgre del av figuren under viser både tilhøva når det gjeld eigarskap og drift.

**Tabell 3-1 Omverda og økosystemet Kvammabadet KF er ein del av**



## 3.1 Organisering og samspel

KB er i fylge vedtekten ikkje eit eige rettssubjekt. Verksemda er eiggd av Kvam herad som heftar for føretaket. Føretaket skal og er registrert i Føretaksregisteret.

### 3.1.1 Organisering av Kvammabadet KF

KB har tilsett dagleg leiar og har oppnemnt styre for verksemda som er nærmare skildra under.

#### Styret

KB skal i hen hold til vedtekten ha eit styre på 3 medlemer med 1 varamedlem. Alle medlemene vert valde av heradsstyret. Frå og med 2022 er talet på styremedlemer redusert til 3 faste og 1 varamedlem. Valperioden for styremedlem er fire år, medan valperioden for leiar og nestleiar er to år. Medlem av styret fungerer inntil nytt medlem er vald.

Styreleiar kallar inn til styremøte minimum 14 dagar føre styremøta. Innkallinga sendast også ordførar og rådmann som både har møte- og talerett i styremøta. Styremøta er opne for ålmenta med mindre ein handsamar sakar av fortrulege karakter nærmare oppgjevne i vedtekten.

Vedtekten skildrar elles nokon av hovudansvar til styret for følgjer:

- Styret sine overordna oppgåver er å realisera føremålet for føretaket. Styret skal vidare setja sine eigne mål, laga planar og strategiar samt utøva styring gjennom heile driftsåret. Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med vedtekter, økonomiplan, årsbudsjett og andre vedtak eller retningsliner fastsett av kommunestyret.
- Styret skal årleg utarbeida framlegg til budsjett og ev økonomiplan og levere dette innan fristar fastsett av Kvam herad. Heradsstyret vedtek årsbudsjett og økonomiplan. Framlegg til investeringstiltak og låneopptak skal innarbeidast som ein del av styret sitt budsjettframlegg.
- Styret skal årleg utarbeide årsrapport og rekneskap innan 1. februar. Kommunestyret vedtek årsrapport og rekneskap. Styret skal syta for at saker som skal handsamast i kommunestyret er tilstrekkeleg førebudde.
- Styret har fullmakt til å gjennomføra investeringsprosjekt, kjøp og sal av produkt/tenester og låneopptak innanfor rammer godkjende av kommunestyret. Kommunen sine reglar for innkjøp og finansforvaltning, her under bruk av kommunen sine innkjøps- og bankavtalar, skal nyttast.

Styregodtgjersle vert fastsett av heradsstyret kvart år i samband med årleg budsjetthandsaming.

## Dagleg leiar

Vedtektenes skildrar hovudansvaret til dagleg leiar i KB som følgjer:

- Dagleg leiar representerer verksemda utad, har ansvaret for drifta av føretaket og at den vert utført i samsvar med vedtektenes, vedtak og eventuelle pålegg.
- Dagleg leiar er styret sin sekretær og ansvarleg for sakshandsaming overfor styret. Dagleg leiar fører protokoll frå styremøta.

Sjå elles vedtektenes for meir detaljert omtale av ansvar og krav til styret og dagleg leiar.

## 3.2 Samspel med interne partar

### Formannskap og heradsstyret

Heradsstyret er som omtalt generalforsamling for KB. Dei vel styret og fastset økonomiske råme for drift gjennom årlege budsjett. Budsjett for KB vert vedteke som ein del av konsernet Kvam herad. Regelmessig rapportering om utvikling i KB skjer gjennom to årlege dialogmøte med formannskap – eit vår og eit haust. Fyrste nemnte for å handsame årsrekneskap for førre rekneskapsår og sistnemnte for å handsame budsjett for komande rekneskapsår.

### Kontrollutvalet

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret for å føre tilsyn og kontroll med den kommunale verksemda. I dette ligg også å føre tilsyn med KB. KB deltar i møte med Kontrollutvalet i samband med handsaming av årsrekneskap og årsmelding.

### Valnemnda

Valnemnda har ansvar for å førebu nyval av mellom anna av nemnder, styrer, råd og utval m.m., som ikkje vert valt på konstituerande møte. Nemnda gjev tilråding til heradsstyret i saker som omhandlar val. Valnemnda har høve til å rådspørje styret i KB om uttale i samband med evaluering av arbeidet i og samansetnaden av styret.

### Administrasjonen

Rådmannen er i lag med ordførar nærmast føresette for styret og dagleg leiar i KB. I tillegg er administrasjonen leverandør av administrative tenester som KB betaler årleg honorar for.

Dette er skildra i vedtektenes som følgjer:

- Rådmannen har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde overfor føretaket sin dagleg leiar eller styret sitt myndeområde. Rådmannen kan likevel instruere føretaket si leiing om at iverksetting av ei sak skal utsetjast til heradsstyret har handsama saka, jamfør Komm.lova §72.
- Før styret treff vedtak i sak som seinare skal handsamast av heradsstyret, skal rådmannen få høve til å uttala seg om saka før styret fattar sitt vedtak. Rådmannen sin uttale skal leggjast fram for styret ved handsaming av saka.

Om administrative tenester:

- KB har utkontraktert alle økonomi- og rekneskapsføring til økonomiavdelinga i Kvam herad. I tillegg bidrar administrasjonen med arkiv og tilrettelegging og drift av IT. Dette betaler KB ei årleg honorar for.
- Føretaket skal ha økonomiforvaltning i samsvar med forskrifter som gjeld for kommunale føretak. Føretaket skal betala vederlag for tenester frå Kvam herad. Rekneskap skal først i KOSTRA etter kommunelova.
- Føretaket skal til ei kvar tid ha same revisor som Kvam herad.

## 3.3 Samspel eksterne partar

KB har som eigar av ein seksjon i symje- og badeanlegget Hardangerbadet relasjoner til fleire partar.

- Hardangerbadet AS – selskapet som driv Hardangerbadet
- Hardangerbadet Eigedom AS og Almeland Eigedom AS – eigar av dei andre seksjonane
- Hardangerbadet Sameige – Eigarseksjonssameige og felles fora for eigarane

Til grunn for samspelet ligg samarbeids- og driftsavtale mellom Kvammabadet KF og Hardangerbadet AS og Hardangerbadet Eigedom AS datert 22.09.2020. Avtalen skal reforhandlast innan 31.12.2024.

## Hardangerbadet AS

Hardangerbadet AS er eigd av 26 ulike lokale verksemder, organisasjoner og privatpersonar. Majoritetseigar er Hardangerbadet Eigedom AS med ein eigardel på 90 %. HB har ansvar for drift av anlegget. Selskapet har i følgje vedtekten, føremål om å:

*Bygge og drive velværesenter og badeland og også delta i annen virksomhet som naturlig hører sammen med dette*

I ansvaret for drift ligg også ansvar for å leggje til rette for skulebading og bruk av KB sin eigarseksjon som inneber:

- Koordinering av tilbodet om skulebading i nært samarbeid med skulane
- Nyttie bassenganlegget til kommersiell drift i tida der anlegget ikkje er nytta til kommunale føremål
- Drift og vedlikehald av KB-seksjonen i høve samarbeids- og driftsavtale

KB skal innan 31. mai kvart år, fastsette ein bruksplan for KB sin eigarseksjon som fastlegg skulebading for komande skuleår, og oversende denne til HB. KB-seksjonen skal også nyttast til andre føremål i kommunal regi som til dømes leik/aktivitet for barnehagar.

Når KB sin eigarseksjon ikkje nyttast til skulebading eller anna føremål i kommunal regi, skal seksjonen i lag med dei andre eigarseksjonane som samla utgjer symje- og badeanlegget, gjerast tilgjengeleg for ålmenta. KB sin godtgjersle for utlån av sin eigarseksjon til ålmenta er regulert som ein del av drifts- og samarbeidsavtalen.

HB og KB treng å ha eit tett samarbeid og dialog for å koordinere aktivitetar og samhandlinga kring sentrale oppgåver som skulebading, økonomi/budsjett og drift. Det skjer etter behov i dialog og møter mellom styreleiarar og daglege leiarar.

## Sjølvskuldnausjonistar

Næringslivsaktørar og private har stilt underskotsgaranti i Hardangerbadet på kr 1 mill. per år i 10 år. Garantiane garanterer for husleigeinntekta til KB KF frå HB AS, eventuelt underskot i KB KF. Det er KB KF som eventuelt har ansvar og fullmakt til å drive inn kausjonane frå sjølvskuldnausjonistane i lag med erklæring om fråskriving av regresskrav ovanfor HB AS.

## Hardangerbadet Eigedom AS og Almeland Eigedom AS

Almeland Eigedom AS eigd av Almeland Holding AS eig ein nærmare bestemt seksjon tilsvarande 1,8 % av Hardangerbadet. HBE eig 58,2 % og er eigd av 117 ulike selskap og privatpersonar. Sistnemnde har som føremål:

*Å eige næringsbygg for utleige samt å delta i anna verksemder som naturleg hører saman med dette.*

Samarbeid og dialog mellom KB og dei andre seksjonseigarane skjer gjennom Hardangerbadet Sameige.

## Hardangerbadet Sameige

Hardangerbadet Sameige er eit eigarseksjonssameige (ESEK) og felles fora for dei tre eigarane av bygget og eigedomen. Kvar av eigarane har ein plass i styret der største eigar HBE har posisjon som styreleiar. Sameige er eit organ der ein tar opp og einast om forhold som gjeld vedlikehald og utvikling av bygning og eigedom. Sameige har eigne vedtekter som regulerer roller, ansvar og plikter for seksjonseigarane. Største eigar, Hardangerbadet Eigedom AS, har ansvar for å drift og vedlikehald av bygningar og ansvar for å kalle inn til møter i sameige minst 2 gonger pr. år.

## 4 Årshjul – arbeidsprosessar og gjeremål gjennom året

KB har etablert eit årshjul som tidfester gjennomføring av aktivitetar og samspel med interne og eksterne samarbeidspartnalar.

Tidspunkt	Møte	Kven
Januar	<b>Styremøte</b> – konstituerande styremøte, råme/føringar frå Heradsstyret, plan for komande år og årshjul	Styret
Feb./Mars	<b>Økonomiavdeling</b> – utarbeide årsrekneskap basert på rekneskapstal for Kvammabadet KF og Hardangerbadet AS	Dagleg leiar
Mars	<b>Styremøte</b> – Vedta årsmelding og årsrekneskap	Styret
31. mars	<b>Økonomiavdeling</b> – Frist for å sende årsmelding til Økonomiavd.	Dagleg leiar
April	<b>Kontrollutval</b> – frist sende endeleg årsrekneskap og årsmelding ferdig revidert og i underskriven stand	Dagleg leiar
April	<b>Kontrollutval</b> - Møte Kontrollutvalet Kvam herad	Styreleiar og DL
30. april	<b>Hardangerbadet AS</b> - Frist endeleg avrekning mot Hardangerbadet AS (faktiske kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald samt endelige inntekter)	Dagleg leiar
Mai	<b>Formannsskapet</b> - dialogmøte med Formannskapet i Kvam herad. Hovudtema: årsrekneskap og årsmelding	Styreleiar og DL
Mai/Juni	<b>Kausjonistansvar</b> – sende ut krav etter heradsstyret som innbetaling dersom underskot i KB	Dagleg leiar
31. mai	<b>Kvam herad</b> - Frist fastsetjing av bruksplan for skulebading	Dagleg leiar
Juni	<b>Hardangerbadet AS</b> - Møte med Hardangerbadet AS	Styreleiar og DL
1. oktober	<b>Budsjett</b> – HB leverer budsjett for billettinntekter for komande år	Dagleg leiar
1. oktober	<b>Budsjett</b> - HB leverer budsjett for kostnader til drift, forvaltning og vedlikehald av KF-seksjonen og eigarseksjon sameiga	Dagleg leiar
Oktober	<b>Styremøte</b> – budsjett for komande driftsår	Styret
Oktober	<b>Hardangerbadet Sameige</b> – styremøte. Hovudtema: drift og investeringar komande år	Styreleiar
November	<b>Formannsskapet</b> - dialogmøte med Formannskapet i Kvam herad Hovudtema: Budsjett komande år	Styreleiar og DL
Desember	<b>Heradsstyremøte</b> – Handsamar og fastset budsjett, råme og samansetnad av styret for KB for komande år/periode	Heradsstyret

Norheimsund, 24. oktober 2023

Tom Rasmussen (sign.)

Dagleg leiar

Vedlegg:

- Notat – Samarbeid- og driftsavtale mellom Kvammabadet KF og Hardangerbadet AS og Hardangebadet Eigedom AS